

FISKERIDIREKTØREN

Bergen, 26.5.83.
OM/KDM

Aktnr. 400.025

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 55/83

STENGING AV REKEFELT I BARENTSHAVET OG PÅ FINNMARKSKYSTEN GRUNNA STORE BIFANGSTAR AV UNGFISK.

Med heimel i Fiskeridepartementet sine føresegner om rekefisket i Barentshavet 7. april 1983 har Fiskeridirektøren 24. mai 1983 fastsett følgjande endringar i eigne føresegner 7. april 1983 med seinare endringar (J. 46/83).

§ 1 (endra)

I tida frå 24. mai 1983 kl 1500 og inntil vidare er det forbode å fiska etter reke med trål innafor eit område i Barentshavet mellom kysten og liner dregne mellom følgjande punkt:

1. 71 gr. 10 min N	24 gr. 40 min Ø
2. 72 gr. 12 min N	21 gr. 32 min Ø
3. 73 gr. 35 min N	30 gr. 00 min Ø
4. 71 gr. 30 min N	30 gr. 00 min Ø
5. 71 gr. 45 min N	35 gr. 00 min Ø
6. 70 gr. 46 min N	35 gr. 00 min Ø
7. 70 gr. 40 min N	32 gr. 04,6 min Ø
8. 70 gr. 16,5 min N	32 gr. 04,6 min Ø.

Deretter frå punkt 8 og langs etter midtlinia til Grense Jakobselv.

§ 4 (endra)

Desse føreseggnene tek til å gjelda straks.

Etter denne endringa har Fiskeridirektøren sine føresegner 7. april 1983 følgjande innhald:

§ 1

I tida frå 24. mai 1983 kl 1500 og inntil vidare er det forbode å fiska etter reke med trål innafor eit område i Barentshavet mellom kysten og liner dregne mellom følgjande punkt:

1. 71 gr. 10 min N	24 gr. 40 min Ø
2. 72 gr. 12 min N	21 gr. 32 min Ø
3. 73 gr. 35 min N	30 gr. 00 min Ø
4. 71 gr. 30 min N	30 gr. 00 min Ø
5. 71 gr. 45 min N	35 gr. 00 min Ø
6. 70 gr. 46 min N	35 gr. 00 min Ø
7. 70 gr. 40 min N	32 gr. 04,6 min Ø
8. 70 gr. 16,5 min N	32 gr. 04,6 min Ø.

Deretter fra punkt 8 og langs etter midtlina til Grense Jakobselv.

§ 2

Utan hinder av forbodet i § 1 kan det likevel fiskast innafor desse områda:

A: Etter line dregne mellom punkta

1. 71 gr. 25 min N	26 gr. 30 min Ø
2. 71 gr. 30 min N	25 gr. 40 min Ø
3. 71 gr. 50 min N	25 gr. 40 min Ø
4. 71 gr. 40 min N	28 gr. 20 min Ø.

B: I Varangerfjorden innafor ei line dregen mellom austre båke på Store Ekkerøy og punktet $69^{\circ} 58,8' N$ $31^{\circ} 06,4' E$.

§ 3

Fiskeridirektøren kan endra forbodsområda dersom tilhøva tilsier det.

§ 4

Desse føresegnene tek til å gjelda straks.

Endringa inneber at felta vest av Thor Iversenbanken i gråsona vert opna.